# Narrespelet om Fleischer-rapporten

Fiskerinæringa eksporterte i 1987 for kring 10 milliardar kroner. Etter oljeverksemda, er fiskerinæringa den største eksportnæringa i landet. Det er med andre ord ei sers viktig næring for landets økonomi.

Fiskerinæringa er dessutan ei vekstnæring, og arbeidsplassane der burde difor vere både satsingsområde og noko ein tok vel vare på. I «festtalar» frå ulike hald, er også politikarane innstilte på det. Men når realitetane bankar på døra, kan det ofte vere grunn til å stille spørsmål ved alvoret i satsingsviljen.

Etter mange års kamp frå fiskarane si side, blei Fleischerutvalget nedsett i 1980. Dei skulle greie ut kva ulemper oljeverksemda påførde fiskeria, og kva erstatning det ville vere høveleg å gi til fiskarane. Lovnadene frå styresmaktene den gong oljeverksemda skulle marknadsførast, var at den ikkje skulle føre til økonomiske ulemper for fiskerinæringa. Ulempene har fiskarane sjølve bore til no.




Fleischerutvalgets rapport kan snart få medalje for lang og tru teneste i handsamingsgange. Skulealderen, og vel så det er nådd, på vegen frå fødsel til Stortingssalen. Reknar ein tida som gjekk med før ein kom så langt som å få Fleischerutvalget nedsett, er konfirmasjonen også vel overstått. Men enno er ikkje tida inne for Stortings-handsaming.

Formannen i samarbeidskomitéen for Sør-Norges Trålerlag, Norges Fiskarlag og fylkesfiskarlaga frå Møre til svenskegrensa, Lars B. Larsen, kallar handsaminga av Fleischer-rapporten for ei nasjonal skam. Oljeverksemda har tvillaust tilført landet vårt sårt tiltrengt valuta og ført til nye arbeidsplassar. Og fiskeriorganisasjonane har då heller ikkje hatt noko imot etableringa av denne verksemda.

Men lovnaden om at oljeverksemda ikkje skulle påføre fiskarane økonomiske ulemper, gjekk i gløymeboka etterkvart som oljemillionane strøymde inn.

Handsaminga av Fleischerutvalgets rapport er diverre nok eit døme på den manglande respekt styresmaktene legg for dagen når det gjeld fiskarane sin innsats, m.a. med å skaffe landet valuta.

Vi forstår fiskebåtreidarane som no fører sak mot Statoil - eller rettare sagt den norske stat.

Det narrespelet som skiftande styresmakter i over åtte år har ført ovafor fiskarane når det gjeld erstatning for ulemper påført av oljeverksemda, er ei nasjonal skam. No må politikarne vakne.

# Folket sa nei

Det minner mye om religion når det forskes på det norske folks innstilling til EF. 1200 mennesker er spurt, og svarene er regnet ut i prosent. Det har kanskje noe interesse hva disse menneskene mener, men det er ulovlig naivt å tilleggeprosentene noen betydning. Hvis flere var blitt spurt, hvis færre var blitt spurt og hvis andre mennesker var blitt spurt, ville prosentene sannsynligvis fordelt seg noe annerledes. Dette er forskning på noe om det ikke kan forskes på. Man kan like gjerne spørre oraklet i Delfi.

Dette er et eksempel på det som gjør at det går dårlig med butikken Norge. Vi bruker kostbar arbeidskraft, tid og penger på å produsere noe som er uten verdi. Men man merker hensikten og blir forstemt.

Det konkluders med at Ja-folket er på fremmarsj, og at de sterke følelsene er roet ned. Jeg tror det er ønsketenkning. Man kan ikke gå i helspenn med sterke følelser hele tiden. Det viser seg at hver gang Ja-folket provoserer, er følelsene endelig hete nok.

Dessuten, siden sist er det kommet noe nytt til. I prinsippet har vi folkestyre, som dessverre er blitt uthult av såkalte demokratiske spilleregler. Stortinget ville inn i EF. Folket sa nei! Og i et demokrati må folkets vilje respekteres!

Er forholdene så vesentlig forandret at spørsmålet om medlemskap må diskuteres på nytt, må man spørre folket. Svaret — Nei — står urokkelig til folket selv sier noe annet.

Alle forsøk på å lure Norge inn i EF står for meg som folkesvik.

Hva er forandret? Mange EF-land kan legge frem pene regnskap, men prisen er arbeidsløshet og mange millioner ødelagte menneskeskjebner.

Landbrukspolitikken i EF har spilt fullstendig fallitt. I dette karrige landet vårt takler vi jordbruksproblemet tålelig bra, til tross for at vi legger økonomiske mål på driften og lar mellomleddene få prosentsatser som levner lite til bøndene. Jo lenger vi regner med prosenter istedenfor med reelle verdier, jo verre går det. Det gjelder ikke bare landbruket.

Men det er ingen EF-debatt på det vante planet jeg vil legge opp til. Jeg mener EF-systemet er en forbrytelse mot menneskeheten. Noen land rotter seg sammen for å tjene på utenforståendes bekostning. I sin tid ble det sagt at de måtte gjøre det for å få så stort overskudd at de kunne hjelpe de fattige landene i den tredje verden.

I min ungdom var jeg redaktør i en høyreavis, og en gang sendte HP meg en julefortelling. Den var skrevet av et damemenneske, og hadde som moral at det var bra det var fattige folk som trengte hjelp, for det var godt for menneskene å få anledning til å vise hjertelag og få øve barmhjertighet.

Hvordan virker det rike Vestens hjelp? Jo, de fattige landene blir fattigere og fattigere, og de rike blir rikere. Politisk er kolonitiden over, men ikke økonomisk.

I hele min skrivende tid har jeg hevdet at vi må handle med de fattige landene på samme måte som vi handler med andre land, og la dem bruke den tiden de trenger for å tilegne seg vår tids tenkning og vår tids teknikk. Det ville ikke gått bra i Norge i 1880 om noen hadde krevd at vi over natten skulle takle 1980-årenes muligheter og utfordringer. Enda verre er det for folk som lever i en annen kultur og er sterkere bundet av religion og tradisjoner.

Ideen om et stort marked er god, men EF-markedet er for lite. Skal vi bryte den onde sirkelen må hele verden bli et marked. Vi har som kjent bare en jord.

Etter min mening må vi arbeide for at alle land som selvstendige nasjoner handler på et stort og fritt marked. Vi må ikke tillate at noen land slår seg sammen i truster og skaper monopoler.

Én verden — var det noe som het. Kanskje eksisterer organisasjonen fremdeles? Det er ikke lett å få gjennomslag for ideer og tanker hvis de ikke lanseres av de kjente politikerne. Vi kjører i en trang gate hvor det bare er plass for godtatte tanker.

Men Én verden — er det store målet, og det er en av årsakene til at jeg så godt jeg kan forsøker å kjempe mot EF. Målet ligger langt inne i fremtiden et sted, men at det er langt frem er ingen grunn til å gi opp.

Ellers er argumentene mot medlemskap de samme i dag som ved folkeavstemningen. Argumentene for også. Vi ble lovet ulykke og fattigdom om vi ikke ble med. Men vi har klart oss bra utenfor. Og med vår lave arbeidsledighet har det norske folket det langt bedre enn folkene i EF-landene.

Vi blir spådd undergang nå også. Men tilbyr vi noe som folk ute i verden vil ha, vil de kjøpe det, nå som før. Det er ikke medlemskap, men det vi kan produsere og selge som bestemmer vår økonomiske fremtid.

Forhåpentlig vil stadig flere land få råd til å kjøpe. Verdensmarkedet vil vokse. Til syvende og sist er vi alle i samme situasjon, EF-landene også — de som tilbyr det beste og billigste, får selge. Norge kan klare seg uten at vi selger vårt selvstyre for en rett linser.

**Hans Hille Schjelderup.**

# «Matematisk» kvalforskning

I Fiskaren 8. april rettar Jan Kristiansen fire spørsmål til forskar Nils Øien under denne overskrifta. Samstundes nyttar han høvet til å mistenkeleggjera arbeidet som vert utført av Øien spesielt, og Havforskningsinstituttet generelt. Kristiansen sine spørsmål kan det kort svarast slik på:

1. Til møtet i Svolvær 12. mars 1986 hadde Øien førebudd seg på på vise både figurar og tabellar. Diverre var der ikkje tekniske hjelpemidlar til å gjera dette, og Øien måtte difor framføra foredraget munnleg. Likevel, tala som seinare vart presenterte i rapporten, vart refererte under framføringa. At Kristiansen ikkje oppfatta dei, er det ikkje sikkert at Øien eller Havforskningsinstituttet har skulda for.
2. Statistiske analysar viser at fangsteffektiviteten har auka med aukande båtlengde og motorkraft. Uansett årsak til dette, så er det ei kjensgjerning som må takast i betraktning.
3. Fangstindeksane for Vestfjorden i 1980 og 1981 er ikkje svært ulike. Derimot er 1982 eit botnår. Offisiell statistikk for desse tre åra er 105, 151 og 115 dyr. Måten som fangstindeksane er utrekna på, gjer at fangst og fangsindeksar kan variera ulikt. Dette er det gjort utførleg greie for både i 1986-rapporten, i seinare presseinnlegg og i samtalar med Kristiansen. Det vil føre for langt å gjera det omatt her.
4. Eg har i Fiskaren av 20.11.87 gjort greie for tilsynelatande «skilnader» mellom våre analysar frå Vestfjorden og påståtte fakta. Eg gjer det ikkje omatt no.

Dersom eg var kvalskipper ville eg og gå heilt andre kursar enn dei som vart brukte under teljetoktet. Eg ville då ha kursa i dei områda der eg trudde det var mest kval fordi eg ville fanga mest mogeleg på kortast mogeleg tid. Men det er eit heilt anna føremål enn å tella kval og for vårt føremål må det brukast andre retningslinjer for kursvalg.

Ein fangst på 375 dyr i 1988, ligg godt inne i «likevekstfangsintervallet» frå 1986-rapporten på 130—630 dyr. Likevel, dersom eg *måtte* ha gitt ei tilrådning for 1988, så ville den sannsynlegvis vore noko lågare enn 375, av reine varsemdsomsyn. Varsemda vil vera til stades hjå meg, inntil vi har betre og sikrare informasjon om tilhøva i vågekvalbestanden. Dette vil vi få i åra som kjem.

Til slutt: Det kan sjå ut som om Kristiansen meiner at matematikk og statistikk er lite anvendelege reidskapar i kvalforskning. Det er eg i så fall hjartåns usamd i. Som eg har sagt tidlegare så ligg alt det materialet instituttet har brukt i «kvalsaka» i Fiskeridirektoratet. Instituttet har ingenting imot at kven som helst går oss etter i saumane. Dersom nokon er overtydde om at vi har rota med materialet og difor fått galne resultat, så må dei gjennomgå same materialet og visa kva som er gale. Ved instituttet vert det ikkje gjort meir med det. Det vert heller ikkje skrive meir i avisene frå mi side.

**Direktør Odd Nakken,**
**Fiskeridirektoratets**
**Havforskningsinstitutt.**

**FISKAREN**

**«Fiskaren»** som dekker hele kyststrekningen fra svenskegrensen til Kirkenes, kommer ut to ganger pr. uke, onsdag og fredag.
Utgiversted er Bergen.

**EKSPEDISJON, REDAKSJON OG ANNONSEINNLEVERING:**
Slottsgaten 3 — Boks 4053
Dreggen — 5023 BERGEN
Åpningstider: 8—16

**Ansvarlig redaktør:**
HELGA KLEIVA PEDERSEN

**Redaktør:**
LARS J. ODLAND

**Telefoner:**
**Redaksjon og ekspedisjon:**
05 - 31 43 00
Telefax 05 - 31 82 01
Moiltlf. 090 - 68 712

**Avdelingskontorer:**
Arendal, Postboks 110, 4818 Færvik
Journ. Andreas Knudsen,
tlf. 041 - 85 621
Bodø, Postboks 258, 8001 Bodø
Journ. Torill Münter, tlf. 081 - 23 561
Sotra, 5390 Klokkarvik
Kåre Høyland, tlf. 05 - 33 94 47

**Faste korrespondenter**
**Ålesund:**
Elias B. Reite, tlf. 071 - 27 664
**Florø:**
Magnus H. Torvanger, tlf. 057 - 43 362

**Privattelefoner**
**Redaksjonen:**
Helge Arild Bolstad.......... 05-59 64 97
Lars J. Odland.............. 05-32 17 61
Helga Kleiva Pedersen...... 05-16 58 60
Tom Rasmussen............ 05-16 49 42

**Forretningsavd.:**
Trygg Haneberg............ 05-34 03 88
Jan L. Larsen.............. 05-25 82 88

**ANNONSEPRISER**
Første side.............. kr. 8,25 pr. mm
Siste side............... kr. 6,60 or. mm
Tekstside............... kr. 6,10 pr. mm
Annonseside............ kr. 5,50 pr. mm

Reservert plass tillegg pr. mm.. kr. 0,50
Helsidepriser: kontakt annonseavd.
Tillegg for farge og reprokostnader.
Tillegg for bill.mrk. og
eksp. anv........................ kr. 10,-.
Alle priser ekskl. mva.

Bankgiro: 6511.05.04653
Postgiro: Annonser: 3 39 22 97
Abonnement: 5 77 93 01

**ABONNEMENTSPRISER**
**Norge:** ............ kr. 310,- pr. år
kr. 175,- pr. halvår
**Norden:**............... kr. 340,- pr. år
**Utlandet ellers:** ..... kr. 600,- pr. år
**Løssalg:** ....................... kr. 5,-

**Trykkested:**
A/S DAGEN TRYKK, BERGEN

ISSN 0015-3095